



FUSA KOMMUNE
Ordførar

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Løpenummer : 000146/08
Arkivkode : 103 & 13
Sakshandsamar : Georg Espenes
Direktenr. tlf. : 56 58 01 17
Gradering :

EIKELANDSOSEN 08.01.2008

Vår ref.
Saksnr.: 07/01753-006

Dykkar ref.

Det vert med dette gjeve melding om at det er gjort fylgjande administrativt vedtak:

Sak DS 0001/08/KOM
HØYRING - SØRHEIMSUTVALET - INNTEKTSSYSTEMET FOR
KOMMUNANE

Vedtak:

Det må vera eit overordna nasjonalt mål at statlege tilskot må fullfinansiera produksjonen av tenester som er heimla i lov og føresegner på ein slik måte at brukarane opplever dei som gode og likeverdige uansett kvar i landet ein er busett.

Eit nytt detaljert regelverk der ein "tek frå nokon og gjev til andre" vil alltid verta oppfatta som urettvist, og eit slikt system vil heile tida krevja nye "Sørheim-utval", og i mellomtida vil det vera kommunar som slit for å få gode nok kvalitetar på dei offentlege tenestene.

Fusa kommune er ikkje tent med at framlegget "til forbetring av overføringssystemet for kommunane" vert sett i verk. Da ein stor del av noverande skjønstilskot er kompensasjon for tap av rammetilskot bygd på andre faste kriterium frå tidlegare inntektssystem, vert framlegget oppfatta som ei sementering og vidareføring av noverande inntektssystem.

Fusa kommune meiner at ein skal halda fram med at kommunane får sin del av verdiane i form av innbetalt selskapsskatt.

Fusa kommune er best tent med at inntekta frå selskapsskatt vert fordelt mellom skattekreditorane ved innbetaling av forhåndsskatt og etterskotsskatt i skatterekneskapen på same måte som innbetaling frå dei forskotspliktige. Dette fører til betre likviditet for kommunane, betre kontroll med inntektsgrunnlaget og auka interesse for skatteinnkrevjinga. Det er uheldig at kommunane som no mottar selskapsskatten 3 år i ettertid. Likeeins er det uheldig at grunnlaget for utrekningane er offentleg unnateke for kommunane.

Saksframstilling:

Faktiske opplysningar:

KRD har sendt ut rapport til høyring om "forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene".

KS ber i skriv av 15/11-2007 om at høyringssvar vert sendt til KS innan 9. januar 2008. På grunn av den korte høyringsfrista har Fusa kommune i k-sak 0090/07 gjort vedtak om å delegera til ordførar og administrasjonssjef å utarbeide eit skriv om rapporten til KS.

Rapporten omhandlar mange ulike sider ved inntektssystemet. På grunn av mange ulike gjeremål som vert utført i ei mindre kommune på denne tida med budsjett, årsoppgjer m.m. vil dette skrivet i hovudsak ta tak i den delen av rapporten som omhandlar selskapsskatt og skjønstilskot. Over tid har både selskapsskatten og skjønstilskotet hatt mykje å seia for økonomien til Fusa kommune.

Litt historikk:

Skjønstilskot og ekstraordinært skjøn (tapskompensasjon, Rattsø I):

Inntektssystemet vart sist vedteke lagt om frå 1997. Endringa medførte at ein endra på vektlegginga av dei ulike objektive kriterium. Det medførte at kommunar som er lette å drive fekk meir midlar frå rammetilskotet enn kommunar som er tyngre å drive (typisk distriktskommunar). Fusa kommune har fleire eldre, innbyggjarane bur mindre konsentrert med lang reisetid til næraste offentlege servicetilbod sjølv om kommunen har fleire tilbod vurdert geografisk enn folketalet skulle til sei. Fusa kommune er altså ein tyngre kommune å drive, og det vil sei at kommunen etter endringa fekk rammetilskotet vesentleg redusert. Frå 1997 og fram til 2001 har Fusa likevel vorte kompensert for tapet. Kommunane skulle få tid til å omstille seg, den økonomiske verknaden av omlegginga vart utsett og Fusa kommune har derfor ikkje vorte ramma økonomisk før i år 2002. I 2001 fekk Fusa kommune soleis kr 7,6 mill. som tapskompensasjon for omlegginga frå 1997 i tillegg til ordinært skjønn på kr 4,4 mill. og kr 1,6 mill. som kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, *d.v.s. skjønsmidlar på tils. kr 13,6 mill. For 2008 er samla skjønsmidlar vorte redusert til kr 7, 1 mill.* I tillegg er skjønstilskotet ikkje justert for løns- og prisutvikling. Tapskompensasjonen vart redusert med kr 1.5 mill. kvart år frå og med 2002. I 2002 fekk vi kr 6 090', i 2003 kr 4 568', i 2004 kr 3 045' og i 2005 siste år med tapskompensasjon kr 1 523'.

Omlegginga vart dramatisk for heile organisasjonen og innbyggjarane i Fusa kommune. Medan mange kommunar opplevde at det kunne sjå ut som det økonomisk sett gjekk mot ljosare tider kunne vi ikkje ta del i denne vurderinga i Fusa kommune.

Fusa kommune fekk frå og med 1999, i samband med tapet av selskapsskatten, merka verknaden av å koma med i selskapet av minsteinntektskommunar. I 1999 hadde vi ikkje midlar frå driftsresultatet til å betala rente og avdrag, og vi fekk eit underskot på kr. 2,9 mill. Situasjonen for år 2000 og dei næraste åra framover, såg alt anna enn lys ut.

Dei økonomiske realitetane er vorte gjort kjent, ikkje berre for dei folkevalde, men og for dei tilsette i Fusa kommune. Viljen til å prioritera og finne løysingar har vore til stades i heile organisasjonen. Med felles innsats klarte ein å snu eit driftsunderskot i 1999 til eit driftsoverskot i 2000 og dei seinare åra.

I tillegg til tap som følgje av omlegging av inntektssystemet i 1997 med verknad frå og med 2002 og tap av selskapsskatten frå og med 1999 fekk Fusa kommune også tap som følgje av

auka arbeidsgjevaravgift.

Fusa kommune ønskjer ikkje enno ein gong å tape på ei omlegging.

Framlegget frå Sørheimsutvalet medfører at dei fleste kommunane vil tene litt på framlegget til forbetring av overføringssystemet, medan ein del kommunar som Fusa og dei som får regionaltilskot vil koma til å tape mykje på ordninga.

Grunngjeving:

Ein er klar over at deler av skjønstilskotet er tilbakeført til kommunen på grunnlag av faste kriterium i rammetilskotet. Likevel har auken i dei frie inntektene frå 1998 eller for den sak skuld frå 2001 og fram til i dag vorte vesentleg lågare enn for dei fleste andre kommunane. Ein kan visa til prognosemodellane til KS ved å samanlikna dei eldre modellane i høve til dei av nyare dato.

Skjønstilskotet som no er att representerar i hovudsak erstatning for overføringar som tidlegare vart gjeve på grunnlag av faste kriterium. Fusa kommune kan ikkje sjå at rapporten frå KRD tek nok omsyn til bakgrunnen for at dei ulike skjønstilskot opphavleg vart løyvd.

Tvert imot går framlegget frå utvalet ut på at hovuddelen av skjønstilskotet blant anna tapskompensasjonsdelen skal trekkjast ut frå skjønssramma og leggjast på innbyggjartilskotet. Dette vil sjølvsagt Fusa kommune tapa på. For å redusera tapet har utvalet foreslått å innføra eit inntektsgarantitilskot i staden for ei overgangsordning. Inntektsgarantitilskotet skal skjerma for drastisk nedgang i rammetilskotet frå eit år til det neste. Utvalet foreslår at grensa for avvik frå landsgjennomsnittleg vekst vert sett til kr 300 pr. innbyggjar og at tilskotet vert finansiert ved eit likt trekk pr innbyggjar i alle landets kommunar.

Inntektssystemet som vi hadde frå 1986 til 1997 hadde ei mykje meir rettvis fordeling av kriteriedata og langt meir å føretrakkja for Fusa kommune før dei to omleggingane som kom i 1997 med endring av inntektssystemet og 1999 med tap av selskapsskatten.

Er det rettferdig at mindre kommunar som er minsteinntektskommunar og som attpåtil slit med å oppretthalde folketalet må vurdere å påleggja innbyggjarane eigedomsskatt i tillegg til på verk og bruk som er innført frå før av, medan store sentrale bykommunar på Austlandet på grunn av høge inntekter frå personskatten ikkje treng å skriva ut eigedomsskatt, ikkje eingong på verk og bruk?

Dersom ein skal halda fram med eit inntektssystem som vert oppfatta som lite rimeleg sett frå Fusa kommune sin ståstad, vil Fusa kommune gje sin støtte til å halda fram med selskapsskatten. Det er den som i mange år førte til at Fusa kommune fekk skatteinntekter på over 100% av landsgjennomsnittet. Å fjerne både deler av skjønstilskotet, inntekter frå selskapsskatten i tillegg til at distriktskommunen vår frå før av er plassert i same sone som bykommunar i høve til arbeidsgjevaravgift, synast å vera svært urimeleg.

Med helsing



Hans S. Vindenes
Ordførar



Roald Sangolt
Konst. administrasjonssjef

Kopi: KS, Haakon VII's gt. 9, Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo